



Til

Hordaland Fylkeskommune  
Opplæringavdelinga

Bergen 15.01.2018.

## **Søknad om midlar til gratis skulefrukost**

Bergen Katedralskole søker med dette om midlar til skulefrukost til skulen sine elevar.

### **Målsetjing: Auka fullføring, integrering og sosial utjamning.**

Desse midlane inngår i eit integreringsprosjekt for elevane i innføringsklassen. Majoriteten av denne gruppa høyrer til det SSB kallar «relativ fattigdom» og i denne gruppa finn ein nye innvandrarar.

(<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Samarbeid/For+kommunen/Relatert+informasjon/fattigdom-og-levek%C3%A5r-i-norge-statistikk-og-analyse?kap=4>)

I tillegg til å bruke frukostmidlane som eit middel for sosial utjamning skal det også vere eit integreringstiltak og eit kulturutvekslingstiltak.

### **Prosjektskisse**

#### A) Tirsdagslunsj

Me skal danne faste firargrupper der to elevar er frå innføringsklassen og to frå dei andre klassane på Katten møtes rundt eit bord i kantina. Dette vil fungere som ei fadderordning, og elevane skal møtast ein gong i veka i 10 veker. Kvar veke får dei eit tema som dei skal prate om. Det er ei målsetting at elevane skal lære av kvarandre – å kunne finne likskapar og ulikslikar mellom Norge og heimlandet til eleven frå innføringsklassen. Kanskje finn dei at barndommen i Norge og Syria ikkje er så ulike som ein trur? Dei tema som ein skal snakke om kan ein førebu i klassen på førehand slik at elevane vil kunne stille førebudd med vokabular som dei treng.

#### B) Torsdagssuppe

Torsdagar etter skuletid er det språkkafé. Her er målet å bruke språk, jobbe med lekser og bli kjent. Desse skal møtast ein gong i veka i 10 veker.

#### Ønska resultat:

Målet med integreringsprosjektet er at elevane skal bli betre kjent med kvarandre på tvers av klassane. Gjennom desse måltida kan elevane lære av kvarandre, og auka trivsel kan motivere til vidare arbeid med skule. Felles måltid mettar ikkje berre reint fysisk, men også sosialt og mentalt.

Til saman går det 45 elevar i innføringsklassen ved Bergen Katedralskole, og i dette integreringsprosjektet deltek til saman ca 90 elevar. For å gjennomføre dette integreringsprosjektet søker Bergen Katedralskole om kr 50000,-.

Med venleg helsing

Lise Holsen - Rektor BKS